



Anve Gausvik og Christan Stensletten har forventningar til endringane på bensinstasjonen.

Det kjem til å skje endringar på bensinstasjonen på Brekketoppen frå januar. 15.januar vil Knapphus Energi AS overta YX-stasjonen. Det vil medføra ganske omfattande ombygging. Dermed vil stasjonen verta stengd frå mandag 4.januar til fredag 15.januar. Verkstaden vil ikkje vera berørt av dette, og vil vera open som normalt.

4.januar vert stasjonen altså stengt, og YX kjem og monterer ned og hentar det utstyret dei skal ha. Frå 6.januar skal Knapphus Energi As sine folk i gong, og det skal mellom anna monterast ny stor pumpe, ny mast og nytt skilt. I følgje Sigurd Myklebust som bygde stasjonen, som vart opna i 1967, vert dette det 6. skiltet som har vore. Det starta med Caltex, deretter var det 2 variantar av Texaco, før det vart Hydro Texaco, YX og no altså Kapphus.

Stasjonen vil framleis vera ein kortautmatstasjon som no, og den vil tilby 95 blyfri bensin, farga diesel og blank diesel. Kortautomaten vil kunna ta Visa, Eurocard og eit eige Knapphuskort.

Knapphus Energi AS starta på slutten av 60-talet. Med ein liten tankbil leverte dei diesel og oljer til bønder og entreprenørar rundt i distriktet, i tillegg til fyringsoljer og parafin til hushaldningar. No har dei vakse til 35 tilsette som tar seg av denne marknaden, og dei har siste åra hatt god kundevekst i Sunnhordland, og med etableringa her i Uskedalen ønskjer dei å koma tettare på kundane sine.

Anve Gausvik i Auto 88 fortel at stasjonen etter planen skal opna att fredag 15.januar. Då reknar ein med ein innkjøringsperiode på ei til to veker før det vert ei storopning. Både Anve og medeigar Christian Stensletten har gode forventningar til det nye konseptet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland